

BLI MED I FORSKING

KVA ER GOD MEDISIN FOR DEG MED PSYKOSE?

KVIFOR FORSKE?

Behovet for betre forståing av psykoselidingar er stort.



Gjennom Bergen psykoseprosjekt 2 håper vi å få kunnskap som vil vere viktig for framtidens psykosebehandling. Prosjektet er ei klinisk undersøkning leia av Divisjon psykisk helse, Helse Bergen.

KVEN KAN DELTA?

Personar med psykose kan delta i prosjektet dersom dei treng anti-psykotisk medisin i tablettform.

KVA ER BEST FOR DEN ENKELTE?

Menneske med psykose kan ofte slite med både alvorlege symptom og ha vanskar med tenking, konsentrasjon og minne (nevrokognitiv funksjon).


I dag er det fleire ulike behandlingsopplegg for psykose. Dei fleste vil i periodar ha nytte av antipsykotiske medisinar. Vi treng imidlertid meir kunnskap for i framtida å kunne tilpasse medisinen betre til kvar enkelt person.

KVA ER SPESIELT MED PROSJEKTET?

1. Deltakaren si oppleving av behandlinga blir satt i sentrum.
2. Forsking på effekt av antipsykotisk medisin går føre seg uavhengig av legemiddelindustrien.
3. Vi fokuserer på korleis tenking, konsentrasjon, minne og symptom endrar seg ved medikamentell behandling over tid.
4. Personar med psykose og samtidig rusproblem kan også delta.

LEGEMIDDEL

Etter informert samtykke får alle tilbod om eit av tre moderne anti-psykotiske legemiddel som ofte blir brukt i dag.



Din behandlar/fastlege vil i samråd med deg vurdere kva dose du skal stå på. Vi som arbeider i prosjektet skal ikkje vite namnet på legemiddelet du bruker. På denne måten kan vi objektivt vurdere effekten av og eventuelle biverknadar av medisinarne.

KVA UNDERSØKINGAR ER DET SNAKK OM?

Alle prosjektdeltakarane kjem til åtte kontrollar i løpet av 12 månader ved **Forskningsavdelinga i Sandviken**. Første kontroll skjer ved oppstart, så etter 1, 3 og 6 veker - og etter 3, 6, 9 og 12 månader.

Dette skjer på kvar kontroll:

- Kontroll hos lege
- Blodprøvar
- Fysisk undersøkning (høgde, vekt, blodtrykk, EKG)
- Utfylling av sjølvrapporteringsskjema
- Nevrokognitiv testing (minne, konsentrasjonsmåling)
- I tillegg får ein tilbod om undersøkning av hjernen i form av MR og EEG

Frivillig

Alt vi tilbyr av undersøkingar er frivillig. Du kan når som helst og utan forklaring takke nei til delar av undersøkinga, eller trekke deg heilt frå prosjektet. Resultata frå undersøkingane vil bli sendt til din behandlar, noko som også kan komme til nytte i behandlinga di.

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Kontrollane har ulik varigheit. Dei kan nokre gonger vare i fleire timar, men du får så mange pausar du treng. Etter blodprøvetaking og fysisk undersøking får du frukost. Ein av kontrollane varer lenger, då får du tilbod om lunsj. Du får 200 kroner for kvar kontroll. Vi betaler den antipsykotiske medisinen du bruker i det året du deltar i prosjektet.



OM BERGEN PSYKOSEPROSJEKT 2

Prosjektet er finansiert av Norges Forskningsråd, Helse Vest og Divisjon psykisk helse, Helse Bergen. Prosjektet er godkjend av Regional komité for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk og Statens Legemiddelverk.



Les meir om Bergen psykoseprosjektet på våre nettsider:
www.helse-bergen.no/psykoseprosjekt.



Foto: Colourbox

Ta kontakt med oss om du vil delta i prosjektet eller har spørsmål.

TELEFON: 468 15 685